



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato
08.02.2018
Dykkar dato
25.01.2018

Vår referanse
2013/1133 433.2
Dykkar referanse

Gjermund Dale

Endring i løyve til utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon

Gjermund Dale får løyve til utsetting av utanlandske treslag på 2 daa av gnr. 21 bnr. 2 i Meland kommune. Det er knyttt vilkår til løyvet.

Vi viser til din e-post journalført hos oss 25. januar 2018. Her søker du om endring av utsettingsområdet gitt i løyvet av 30. januar 2013.

Søknaden er handsama etter forskrift om utsetting utanlandske treslag til skogbruksformål.

Innhald i søknaden

Søkjar fekk i 2013 eit tiårig løyve til utsetting av nordmannsedelgran, fraseredelgran og fjelledelgran på gnr. 21 bnr. 1 i Meland kommune. Erfaringane med å drive på dei godkjente areaala er gode, med unnatak for 2-3 daa. Dette arealet er bratt og tungdrive, og det er ønskje om å flytte til eit flatare areal på gnr. 21 bnr. 2. Dette arealet på 2 daa skal nyttast til produksjon av totalt 1000 nordmannsedelgran i løpet av dei neste ti åra.

Det er ikkje søkt om endring i totalt areal, mengd av tre eller treslag.

Søkjar har kontakta Meland kommune for å sökje omdisponering av det aktuelle av arealet frå jordbruk til skogbruk.

Fylkesmannens vurdering

Søknaden er handsama etter forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål, med heimel i naturmangfaldlova. Ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfaldet skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ligge til grunn for sakshandsaminga, jf. § 7.

Informasjon i søknaden, kunnskap om fjelledelgran frå Artsdatabanken og registrerte førekomstar av trua artar og naturtypar frå Naturbase og Artskart ligg til grunn for handsaminga, jf. naturmangfaldlova § 8. Tiltaket er lite og vi har tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere effektane på naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 blir difor tillagt lite vekt i handsaming av søknaden.

Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i eller grensande til det nye utsettingsområdet. Nordmannsedelgran er ikkje risikovurdert i samband med den gjeldande svartelista frå 2012. Det er ikkje grunn til å anta at bruk av treslaget vil innebere særleg spreiingsfare når dei skal nyttast til juletreproduksjon og skal hoggast i ung alder. Tiltaket vil difor i liten grad bidra til å auke den samla belastninga frå framande bartre i området, jf. naturmangfaldlova § 10.

Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette, jf. naturmangfaldlova § 11.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gir dei beste samfunnsmessige resultata. Utover dei føringar som følgjer av anna lovverk, som til dømes for bruk av sprøytemiddel og gjødsel, har vi ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Det er søkt om å flytte ein liten del av produksjonen til eit nytt areal utan endring i tresлага eller den totale mengda tre. Vi ser difor denne søknaden i samanheng med løyvet som vart gitt 30. januar 2013. Det er her berre snakk om å godkjenne eit lite tilleggsareal under same vilkår som i det opphavelege løyvet, og vi gir difor ikkje løyve med varigheit i ti nye år.

Etter ei samla vurdering meiner vi at det ikkje er grunn til å anta at utsettinga vil medføre vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet, jf. utsettingsforskrifta § 7.

Vedtak

Gjermund Dale får løyve til utsetting av nordmannsedelgran på 2 daa av gnr. 21 bnr. 2 i Meland kommune Følgjande vilkår er knytt til løyvet:

- Løyvet gjeld arealet avteikna i kartveddeleget til søknaden.
- Mengd av tre, varigheit og andre vilkår gitt i løyvet av 30. januar 2013 gjeld òg for dette løyvet.

Vedtaket er heimla i forskrift om utsetting av utanlandske treslag.

NB!

Eit løyve gitt i medhald av forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål gir ikkje automatisk omdisponering av dyrka og dyrkbar mark til skogproduksjon. Spørsmål om dette på rettast til kommunen.

Klagerett

Alle med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.